Fitjar kommune

Arkiv: &13

Saksmappe: 04/00457-2
Sakshandsamar: Halvard Wiik
Dato: 06.10.2004

MØTEBOK

Høyring av NOU 2004-13 :" Ein ny arbeids- og velferdsforvaltning""

Utval sak	Utval	Møtedato
070/04	Utval for oppvekst og omsorg	13.10.04
043/04	Kommunestyret	27.10.04

Dokument i saka:
NOU 2004: 13. Kapittel 2. Samandrag.
KS si "Skisse til kommunemodell for en samordnet velferdsforvaltning"

Bakgrunn:

Denne saka handlar om ei samordning av Aetat, trygdeetaten og sosialkontortenesta. Føremålet med reforma er at ein gjennom ei betre samordning av tenestene skal få fleire over frå passiv stønad til arbeid eller tilpassa aktivitet, og at brukarane i størst mogeleg grad skal få rettleiing og hjelp frå ein og same instans.

Saksopplysningar:

I NOU 2004: 13 konkluderar "Rattsøutvalet" med at ein bør satsa på deira modell 1, statleg arbeidslinje. Denne inneber følgjande:

- Ein statleg etat for arbeid og inntekt. Innføring av ein statleg arbeidssøkjarstønad som alternativ for personar som i dag mottek kommunal sosialhjelp og som er reelle arbeidssøkjarar, men ikkje har rett til dagpengar.
- Framleis kommunal sosialhjelp. Det vert føresett eit nært samarbeid med sosialkontora om førstelinjetenesta.
- Ein statleg etat for pensjonar, familieytingar og helserefusjonar.

Kommunenes Sentralforbund (KS) har engasjert seg sterkt i saka.

- Landstinget har gjort slikt vedtak: *Videre samordning av Aetat, trygdeetat og de kommunale sosialtjenester er nødvendig, men det må samordnes av kommunene for å ivareta brukernes behov.*
- I ei skisse til kommunemodell seier KS at dei tenester og ytingar som er relevante i høve til arbeidslinja, bør samlast i ein *kommunal Velferdsforvaltning*. Staten får ansvar for overordna styring, kontrollfunksjonar, klagebehandling og nasjonal infrastruktur. Oppgåver som kan løysast sentralt, som alderspensjon, barnetrygd m.m. kan leggjast til ein statleg *Pensjonsetat*.

Arbeids- og sosialdepartementet
Vedlegg
S.nr. 200400403-151

Vurdering:

Hovudmerksemda i denne saka må vera på kva modell som kan vera best eigna til å realisera målet med reforma: *Fleire over frå passiv stønad til arbeid eller tilpassa aktivitet gjennom meir samordna bruk av verkemidlar*. Det betyr at institusjonelle eigeninteresser må tonast ned til fordel for større fokus på ordninga som eit velferdstilbod til innbyggjarane.

Skjematisk sett inneber framlegget i NOU 13 at ein framleis skal ha tre etatar som til saman skal ivareta dei same oppgåvene som før. Det er grensene mellom etatane som vert endra. Sjølv om den føreslegne modellen har i seg tilsynelatande klårare og meir forståelege/fornuftige grenseoppgangar enn dagens modell, vert ein likevel grunnleggjande skeptisk når basis framleis skal vera tre instansar(to statlege og ein kommunal) med ulik leiing, kultur, struktur m.m.

Det må likevel seiast at å etablera ein etat for pensjonar, der ein samlar ansvaret for dei sterkt rettigheitsprega og regelstyrte ordningane for pensjonar, familieytingar og helserefusjonar, framstår som fornuftig. Skepsisen er i første rekkje knytt til om ei ansvarfordeling som omtalt mellom ein ny statleg etat for arbeid og inntek, og dei kommunale sosialkontora, er den beste måten å ivareta ei heilskapleg og effektiv tenesteyting på i høve til innbyggjarane.

Det problematiske grensesnittet mellom kommunane/sosialkontora og "Etat for arbeid og inntekt".

Den største endringa for sosialtenesta i kommunane vi vera at personar som mottek sosialhjelp fordi dei ikkje har rett til dagpengar, og som er reelle arbeidssøkjarar, skal overførast til etat for arbeid og inntekt. Det vert antyda at opp til 50 % av sosialkontora sine ytingar går til denne gruppa. Det ser ut til å bety at dei "enklaste" og mest kurante sakene på individnivå, der det er sannsynleg å oppnå positive resultat innan ein relativt kort tidshorisont, vert handterte av den nye etaten for arbeid og inntekt. Dei meir komplekse sakene vil havna på sosialkontora.

Etter den føreslegne modellen vil sosialkontoret sine "økonomiske"klienter verta:
1. Dei som ikkje vert klassifiserte som reelle arbeidssøkjarar.
2. Dei som ikkje følgjer opp krava i den nye etaten for arbeid og inntekt.
3. Dei som misser uføretrygda.
4. Dei som har brukt opp sine rettar ved etaten for arbeid og inntekt.
5. Dei som får så lite utbetalt gjennom statlege ordningar at dei ligg under den norma som staten har sett for sosialhjelp, og dermed kan få supplerande sosialhjelp.
6. Dei som er i ein ekstraordinær situasjon og har behov for supplerande sosialhjelp over tid.
7. Dei som har behov for nødhjelp i ein akutt økonomisk situasjon.

I tillegg arbeidar kommunane sine helse- og sosialkontor i høve til innbyggjarar i yrkesmessig alder med rusproblem, helseplager, åtferdsvanskar o.s.b. Dette, og dei 5 første punkta ovanfor, syner klårt at ein vil få overlappande målgrupper utan noko felles overordna leiing. Ideelt sett bør dette kunna løysast gjennom samarbeid og samordning, men har Rattsøutvalet den beste modellen for å få det til ? Ved å leggja oppgåvene til eitt kontor der heile den økonomiske sosialhjelpa inngår, vil ein i større grad få bort "kasteballproblematikken".

Eit meir etisk aspekt er at det framlegget som ligg føre i større grad stigmatiserer brukarane av sosialkontoret sine tenester. Er ein i ferd med å reetablera den gamle "fattigkassen" ?

<u>Skal samordninga av velferden forankrast i staten eller kommunen ?</u>

Rattsø-utvalet er kritisk til at kommunane kan ivareta oppgåvene knytt til den lokale velferdsforvaltninga. Kritikken går m.a. langs følgjande hovudlinjer i stikkords form:
- Sentrale styresmakter får mindre innverknad på arbeidsmarknadspolitikken.
- Arbeidsmarknadspolitikken vert altfor oppsplitta.
- Kommunane er ikkje naturlege einingar i arbeidsmarknadssamanheng.
- Risisko for svak kompetanse i små kommunar.
- Problem knytt til økonomi, rammetilskotssystem m.m..
- Skjønsvurderingane vil variera altfor mykje frå kommune til kommune.

Spørsmålet er om desse innvendingane m.fl. er av ein slik karakter at dei event. ikkje kan gjerast noko med, og om dei event. bør vega tyngre enn dei problemstillingane som er nemnde i avsnittet ovanfor. Dette er svært kompliserte spørsmål som ein ikkje kan sjå at Rattsøutvalet har vurdert i full breidde. Ein vurderar det slik at Stortinget bør ha eit betre grunnlag å fatta vedtak på enn det som kjem fram i NOU 13 når det gjeld spørsmålet om kommunal eller statleg forankring av den framtidige velferdsordninga. Ein viser i denne samanheng til KS si "Skisse til kommunemodell for ei samordna velferdsforvaltning".

Framlegg til tilråding:
Utval for oppvekst og omsorg rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommune har med interesse vurdert NOU2004-13, En ny arbeids- og velferdsforvaltning. Føremålet med reforma er at ein gjennom betre samordning av aktuelle tenester skal få fleire over frå passiv stønad til arbeid eller tilpassa aktivitet, og at brukarane i størst mogeleg grad berre skal måtta førehalda seg til ein instans. Ein registrerar at Rattsøutvalet konkluderar med at dette best kan ivaretakast gjennom framleis å ha to statlege og ein kommunal etat, men med endra grensesnitt seg imellom i høve til dagens ordning.

Å etablera ein eigen etat for pensjonar kan synast fornuftig. Men Fitjar kommunestyre stiller seg sterkt tvilande til om resten av modellen, slik han er omtalt i innstillinga, vil gje optimalt resultat i høve til målsetjingane. Største ankepunktet er at ein vil få betydelege overlappande målgrupper som skal ivaretakast både av det kommunale sosialkontoret og den nye statlege etaten for arbeid og inntekt. Ideelt sett bør dette kunna løysast gjennom godt samarbeid slik innstillinga legg opp til. Realitetane er likevel slik at ein her snakkar om to ulike, og ulikt forankra, instansar utan noko felles overordna koordinering og leiing. Det vil gjera nødvendig samordning og samhandling vanskelegare enn om dei to instansane er integrerte i kvarandre. Fitjar kommunestyre ynskjer difor sterkt at ein arbeidar vidare med ein modell som tek sikte på å samla heile den økonomiske sosialhjelpa i ein instans.

Fitjar kommune meiner at Rattsøutvalet alltfor lettvint konkluderar med at kommunane ikkje bør tilleggjast ansvaret for den lokale velferdsforvaltninga. Det er trass alt kommunane som har ansvar for å utføra det meste av den samfunnsservicen folk til dagleg nyttar seg av, undervisning , bustadpolitikk, næriingsutvikling, helse- og velferdstenester, førebygging o.s.b. Dette er svært viktige element i ei samanhengande tiltakskjede for mange av dei som treng ekstra oppfølging frå det offentlege si side. Dette aspektet må tilleggjast vesentleg meir vekt enn det som er uttrykt til no i arbeidet med reforma. I ei så viktig sak må Stortinget ha eit betre og meir utfyllande grunnlag å fatta vedtak på enn det Rattsøutvalet legg opp til. KS si skisse til "Kommunemodell for ei samordna velferdsforvaltning" kan vera eit konstruktivt innspel i så måte.

Behandling i Utval for oppvekst og omsorg 13.10.2004:

Vedtak i Utval for oppvekst og omsorg 13.10.2004 : samrøystes

Utval for oppvekst og omsorg rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommune har med interesse vurdert NOU2004-13, En ny arbeids- og velferdsforvaltning. Føremålet med reforma er at ein gjennom betre samordning av aktuelle tenester skal få fleire over frå passiv stønad til arbeid eller tilpassa aktivitet, og at brukarane i størst mogeleg grad berre skal måtta førehalda seg til ein instans. Ein registrerar at Rattsøutvalet konkluderar med at dette best kan ivaretakast gjennom

framleis å ha to statlege og ein kommunal etat, men med endra grensesnitt seg imellom i høve til dagens ordning.

Å etablera ein eigen etat for pensjonar kan synast fornuftig. Men Fitjar kommunestyre stiller seg sterkt tvilande til om resten av modellen, slik han er omtalt i innstillinga, vil gje optimalt resultat i høve til målsetjingane. Største ankepunktet er at ein vil få betydelege overlappande målgrupper som skal ivaretakast både av det kommunale sosialkontoret og den nye statlege etaten for arbeid og inntekt. Ideelt sett bør dette kunna løysast gjennom godt samarbeid slik innstillinga legg opp til. Realitetane er likevel slik at ein her snakkar om to ulike, og ulikt forankra, instansar utan noko felles overordna koordinering og leiing. Det vil gjera nødvendig samordning og samhandling vanskelegare enn om dei to instansane er integrerte i kvarandre. Fitjar kommunestyre ynskjer difor sterkt at ein arbeidar vidare med ein modell som tek sikte på å samla heile den økonomiske sosialhjelpa i ein instans.

Fitjar kommune meiner at Rattsøutvalet altfor lettvint konkluderar med at kommunane ikkje bør tilleggjast ansvaret for den lokale velferdsforvaltninga. Det er trass alt kommunane som har ansvar for å utføra det meste av den samfunnsservicen folk til dagleg nyttar seg av, undervisning , bustadpolitikk, næringsutvikling, helse- og velferdstenester, førebygging o.s.b. Dette er svært viktige element i ei samanhengande tiltakskjede for mange av dei som treng ekstra oppfølging frå det offentlege si side. Dette aspektet må tilleggjast vesentleg meir vekt enn det som er uttrykt til no i arbeidet med reforma. I ei så viktig sak må Stortinget ha eit betre og meir utfyllande grunnlag å fatta vedtak på enn det Rattsøutvalet legg opp til. KS si skisse til "Kommunemodell for ei samordna velferdsforvaltning" kan vera eit konstruktivt innspel i så måte.

Behandling i Kommunestyret 27.10.2004:

Vedtak i Kommunestyret 27.10.2004 : (Samrøystes)
Som framlegg.

Tilråding i Utval for oppvekst og omsorg 13.10.2004 : samrøystes

Fitjar kommune har med interesse vurdert NOU2004-13, En ny arbeids- og velferdsforvaltning. Føremålet med reforma er at ein gjennom betre samordning av aktuelle tenester skal få fleire over frå passiv stønad til arbeid eller tilpassa aktivitet, og at brukarane i størst mogeleg grad berre skal måtta førehalda seg til ein instans. Ein registrerar at Rattsøutvalet konkluderar med at dette best kan ivaretakast gjennom framleis å ha to statlege og ein kommunal etat, men med endra grensesnitt seg imellom i høve til dagens ordning.

Å etablera ein eigen etat for pensjonar kan synast fornuftig. Men Fitjar kommunestyre stiller seg sterkt tvilande til om resten av modellen, slik han er omtalt i innstillinga, vil gje optimalt resultat i høve til målsetjingane. Største ankepunktet er at ein vil få betydelege overlappande målgrupper som skal ivaretakast både av det kommunale sosialkontoret og den nye statlege etaten for arbeid og inntekt. Ideelt sett bør dette kunna løysast gjennom godt samarbeid slik innstillinga legg opp til. Realitetane er likevel slik at ein her snakkar om to ulike, og ulikt forankra, instansar utan noko felles

overordna koordinering og leiing. Det vil gjera nødvendig samordning og samhandling vanskelegare enn om dei to instansane er integrerte i kvarandre. Fitjar kommunestyre ynskjer difor sterkt at ein arbeidar vidare med ein modell som tek sikte på å samla heile den økonomiske sosialhjelpa i ein instans.

Fitjar kommune meiner at Rattsøutvalet altfor lettvint konkluderar med at kommunane ikkje bør tilleggjast ansvaret for den lokale velferdsforvaltninga. Det er trass alt kommunane som har ansvar for å utføra det meste av den samfunnsservicen folk til dagleg nyttar seg av, undervisning , bustadpolitikk, næringsutvikling, helse- og velferdstenester, førebygging o.s.b. Dette er svært viktige element i ei samanhengande tiltakskjede for mange av dei som treng ekstra oppfølging frå det offentlege si side. Dette aspektet må tilleggjast vesentleg meir vekt enn det som er uttrykt til no i arbeidet med reforma. I ei så viktig sak må Stortinget ha eit betre og meir utfyllande grunnlag å fatta vedtak på enn det Rattsøutvalet legg opp til. KS si skisse til "Kommunemodell for ei samordna velferdsforvaltning" kan vera eit konstruktivt innspel i så måte.

Atle Tornes
Rådmann